



Folket i Haugland/Mussland slutta opp også om dette arrangementet og fylte Vonheim til siste plass. Til høgre foran sit Sigvald Eik (91) som nok ein gong imponerte med deklamasjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kulturminnedagen 2007 i Kvinnherad vart "ei gild stund", som initiativtakar og arrangør Kristian O. Bringedal uttrykte det. Rundt 80 møtte fram til "lagsmøte" i Vonheim og "skuletime" i Haugland-skulen.

Årets tema – forsamlingshus til glede og besvær – vart grundig utdjupa. Men besværet kom ikkje så mykje fram. Til gjengjeld vart gleda sett kraftig i fokus. Eller som kåsøren i Vonheim Ola Matti Mathisen uttrykte det: - Mange av oss eldre har eit ungdomshus i vårt hjarta. Det som hendte der kjem høgt på lista over gode barne- og ungdomsminne.

Gledesytringane var mange også i mimretimen i skulen etterpå.



Leiar for Kulturminnedagen, Kristian O. Bringedal, spela sjølv til songane på pedalorgel - både på Vonheim og i Hauglandskulen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Mathisen fortalde den forunderlege historia om det vandrande huset Vonheim: Først var det stall ved landbruksskulen i Omvikdalen, som starta i 1849 og slutta i 1862. Så vart det den første skulen i Uskedalen og gjorde tjeneste i 40 år før det vart flytta over vegen og skifta namn til ungdomshuset Helgheim. Endeleg vart det i 1933 grendahus for Mougland og Musland krets. - Deretter har Vonheim vore ein kjær møteplass for folket her oppe i 73 år og det har framleis ein viktig funksjon å fylla som samlande midtpunkt og når det gjeld å knytte bygdefolket saman, sa Mathisen. Han viste til at to basarar og juletreff er dei faste knaggane i årsprogrammet og trudde at huset framleis har eit langt liv føre seg sjølv om det er inne i sitt tredje hundreår.

"Lagsmøtet" på Vonheim vart leia av ungdomslagsveteranen Bjørgulv Eik. Vegard Døssland (14) opna med friske kornett-tonar og Sigvald Eik (91) deklamerte "Regnbuen" av Andre Bjerke i kjent stil medan Bringedal presenterte fleire årgangar frå starten på 1900-talet av den handskrivne ungdomslagsavisa "Daltræk".



Solbjørg Musland las fint om det bortkomne sauene. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Avisa var ikkje berre snill, ho sette søkjeljoset på både "sløvhetsånd", "sladder" og "lasaronaktig optreden" i lokalsamfunnet .



Bjørgulv Eik leia "lagsmøtet" på Vonheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Som skikken har vore vart både "lagsmøtet" og "skuletimen" etterpå prega av mykje song og begge stader var det Bringedal sjølv som trakterte pedal-orgelet. Han leia også "skuletimen", som vart ei munter oppleving og ei skikkeleg mimrestund for dei tidlegare Haugland-elevane som var spesielt invitert denne dagen.

Skulemeister Kristian var ikkje nådig ved oppropet – han bemerkta til dømes at Hans Gustav (Musland) hadde forsvunne etter fjorde timen dagen før. Men svaret var greitt: - Eg måtte på do!

Solbjørg og Kjell Musland las fint frå bibelsoga medan ein annan elev som skal få vera anonym hadde visse problem med landkunna.

Både dei fem elevane som hadde Andreas A. Haugland som lærar i sju år og dei mange som hadde den siste lærar Sigurd Haugland, var fulle av lovord om dei to. Andreas var ein framifrå songlærar, gjorde soga interessant og var ein einar som fest-arrangør. Dette var berre tre av mange karakteristikkar.

Sigurd var særleg flink i matematikk og var med elevane i leiken, men både røykte og brukte skråtobakk! Eit spesielt minne som den første gruppa hadde var at dei måtte gå til Klammeren for å høyre på skulekringkastinga.

Den som truleg reiste lengst av dei gamle Haugland-elevane for å koma til Kulturminnedagen var Håkon Haugland. Han bur i Stavanger.



Desse fem gjekk sju år saman (1950/1957) under lærar Andreas A. Haugland: Frå venstre står Arne Terje Haugland, Sigurd Haugland, Nils Raustein, Ingolf Musland og Sverre Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)